



# DEN NORSKE KIRKE

## Kyrkjebø sokneråd

Marcus Thranes gate 3  
6993 Høyanger  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 02.10.23.

### Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 21.09.23.  
Møtetid: kl. 19.00.  
Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

#### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Ellinor Henjesand Austreim og Andreas Ester. Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

#### Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Ali Kharrat, Heike Muller, Stig Jonny Fitje, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste

##### Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

##### Godkjenning av referat fra møtet 24.08.23.

Det var ingen merknad til referat fra møtet 24.08.23.

##### Sidan sist.

Sidan sist har det vore avvikla kyrkjeval og bispedømeval. Det har vore avvikla gudstenester ved Kyrkjebø sjukeheim og i Kyrkjebø kyrkje og i tillegg kaffigudsteneste i Vadheim bedehuskapell.

##### Postlista.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmane.

##### Soknepresten har ordet.

Soknepresten tala om innhaldet i Hausttakkefesten som vil gå føre seg i Høyanger kyrkje førstkommande søndag 24.09.23. og seinare i Kyrkjebø kyrkje 22.10.23. Bibelforteljinga om Lasarus og oppstigninga (Johannes evangeliet kap. 11-12) er ein religiøs tekst som soknepresten vil knyte opp til innhaldet i Hausttakkefesten.

#### Meldingssaker:

##### 230017: Pianotrekket.

Status pr. 21.09.23.: Pianotrekket er ferdig og underveis.

##### 230018: Arbeid på kyrkjegarden/haustdugnad?

Leiar vil sende ein spesifikasjon til både Anleggsgartner Baarøy AS og Gravdal skog og hageservice for å få tilbod på arbeid i høve frisering og felling av tre på Kyrkjebø kyrkjegard. I tilknyting til dette arbeidet trengst det ein haustdugnad på kyrkjegarden – for å rydde og fjerne avfall.

- 230019:** **Årshjulet – kyrkjekunstkvelden – praktiske avklaringar.**  
I høve kyrkjekunstkvelden vart det bestemt at Kari H. Dale og Aud Kjersti Haugen vil ta ansvaret for å førebu og organisere ei kaffiøkt på max. 20 minutt midt i programmet. På slutten av arrangementet vil det verte rom for å svare på spørsmål som er samla opp undervegs.
- 230020:** **Praktiske/nyttige endringar avgåande sokneråd ser bør gjerast.**  
Soknerådet hadde ein gjennomgang på praktiske/nyttige endringar som dei meinte burde gjerast. Leiar noterte desse.
- 230021:** **Året/perioden i soknerådet:**  
Soknerådsmedlemmane tok fram spørsmålsarka sine og reflekterte i plenum over desse.

**Vedtakssaker:**

**Sak 0017/23: Gudstenestelista.**

Vedtak: *Gudstenestelista vert godkjend slik den føreligg med desse endringane; gudstenesta ved Kyrkjebø sjukeheim vert mest sannsynleg flytta frå 14.04.-11.04.24.  
Personalårsaker/bemanningssituasjonen ved sjukeheimen ligg til grunn for dette valet.*

**Møte som valstype:**

Gjennomføringa og resultatet vart drøfta. Valprotokollen vart signert.

**Sak: Ymse.**

- **Gudstenestegrupper:**  
Sokneprest tok opp forslag om å danne gudstenestegrupper i forkant av framtidige gudstenester. Dette er noko som må arbeidast meir med før eventuell realisering.

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim  
Sekretær